

Sogn Avis

 Leikanger 
1° Vêret frå yr.no

 MENY  SØK

KULTUR

E-AVIS

TIPS OSS

BLI ABONNENT

KUNDESENTER

LOGG UT



SPELESTAD: Harastølen skal bli teaterarena, men før det står det att mykje førebuingsarbeid. (Arkivfoto)

Vil framføra teaterstykke på Harastølen

Harastølen skal bli teaterarena for ei psykologisk skrekkhistorie.

Keth Øren keth@sognavis.no

Publisert 10.01.2018 kl. 15.15. Oppdatert kl. 15.36.

- Mykje arbeid må gjerast for at Harastølen er i stand til å ta imot eit stort publikum, men me synest det er verdt det. Harastølen er ideelt for dette prosjektet. Dette blir tøft, seier Jeff Pedersen.

Han er regissør og står bak prosjektet der målet er å framføra stykket «Det gule tapetet» på Harastølen i Luster i august 2018. Pedersen, opphavleg amerikansk, har budd i Noreg sidan 2011 og har mellom anna hatt regi på Palmerevyn.

Akkurat no jobbar gjengen bak prosjektet mellom anna med å komponera musikk og omsetja stykket.

Til nynorsk

Det kreative teamet består av Jeff Pedersen, koreograf Kristin Inao (tidlegare Carte Blanche), scenograf Tormod Lindgren, komponist Selma Frida Stang (frå bandet Aurora), dansar Sulekha Omar, og skodespelar Kjersti Elvik (DNS). Rolf Losnegård har oversett deira versjon av stykket til nynorsk og Thea Wiig er produsent for framsyninga. Stykket er støtta av Kulturrådet og Sogn og Fjordane fylkeskommune.

Pedersen har lenge vore oppteken av «horror» innan teatersjangeren, og leitte etter eit passande stykke.

- Eg tykkjer skrekkteater er interessant fordi der kan ein påverka publikum meir direkte enn på film. Ein kan ikkje skru av, publikum kjem tett på handlinga, ein tar i bruk andre verkemiddel og publikum blir lettare påverka, seier Pedersen.

Vonde tankar

«Det gule tapetet» fortel historia om ei kvinne som lir av ein alvorleg fødselsdepresjon. Av omsyn til hennar mentale tilstand, tar mannen hennar henne med til eit herskapshus langt borte frå byen for å kvila. Mannen, som er doktor, meiner at isolasjon, kvile, og separasjon frå barnet vil hjelpe ho med å koma til hektene. Hennar forsøk på å uttrykkja kjensler blir sett på som irrelevante imannens auge, og ho blir verande fanga på eit rom med ingenting anna enn tankane sine, ei seng, og fire veggger med ein underleg tapet.

- Det var akkurat dette eg leitte etter; stykket fortel om korleis ein ubevisst kan misbruка makt, og det er noko i det alle kan relatera seg til. Det er ein skremmande og aktuell tekst, seier Pedersen.

Perfekt spelestad

«Det gule tapetet» er ein psykologisk skrekkhistorie som først blei skriven som ei novelle av Charlotte Perkins Gilman i 1892. Den blir rekna som eit viktig verk i den tidlege amerikanske feministlitteraturen.

Og kva er vel betre scene for ei slik framsyning enn dei skumle omgjevnadene på Harastølen.

- Då eg fann stykket tenkte eg på Harastølen med ein gong. Stykket er liksom i gang allereie før ein kjem opp dit, seier Pedersen, som rosar samarbeidet med eigaren Harastølen AS.

No skal teamet snart på synfaring for å finna eigna rom i bygningen, og må også skaffa straum. Logistikkutfordringane står i kø, men Pedersen ser fram til å koma i gang.

- Eg er spent, og me har ein veldig bra gjeng med oss, seier Pedersen.

Les meir om: Nyhende Kultur Luster